

# Årsmelding for 2021

Kvam Næringsråd har som føremål å ta vare på og utvikla næringslivet sine interesser i Kvam.

## Styremøte og medlemsutvikling i 2021.

Det er halde 4 styremøte og handsama 31 saker i 2021.

Medlemstalet pr. 31.12. 2021 er 93, ein nedgang på 5 frå 2020.

## Drift og administrasjon

Torleiv Ljones avslutta arbeidet som dagleg leiari i KNR til sommaren 2021. Styret rettar ein stor takk til Torleiv for god og omfattande innsats gjennom mange år!

Hans Jørgen Andersen vart engasjert i 40% stilling som dagleg leiari med oppstart 1.august.

Ny kontoradresse for selskapet vart endra til Sandvenvegen 40, 5600 Norheimsund. Eit arbeid med strategiplan med forankring i styret og medlemsverksemder starta hausten 2021.

## Medlemsmøte

Korona har lagt ein dempar på møteverksemd i 2021. 24. november var det medlemsmøte med kompetanse som tema. Framtidsfylket presenterte sitt trainee-program for bachelor- og master kandidatar. Andre bolk handla om korleis me kan få eit relevant og best mogleg tilbod innan yrkesfag i åra framover i Kvam. Innleiarar frå Handlag Opplæringskontor, Kvam herad, FRAMO (forfall pga. korona) og Kvam vgs.

## Reiseliv

- På grunn av kovid-situasjonen vart det ikkje produsert aktivitetsmanual 2021 for Kvam.
- Aktivitet på Facebook og Instagram, Bukken har lagt ut informasjon sommaren 2021.
- Visitkvam.no, lisensutgifter og oppdateringar av Glynt i løpet av året.
- Produsert klistermerke visitkvam.no og #visitkvam, materiell til Opplev Øystese, kjøpt inn ny TV-skjerm til filmvising m.m.

KNR fekk kr 27.000 frå Kvam herad i støtte til desse oppgåvene. Samla utgifter for KNR var kr 54.082.

## Samarbeid med andre

Døme på samarbeid med andre organisasjoner og strukturar kring oss:

Kvam herad (politisk/administrativt) har invitert KNR til faste møte saman med med Handlag Opplæringskontor og Hardanger og Voss Næringshage, med oppstart 15. desember 2021.

FORREGION Vestland – i regi av Forskningsrådet, Regionalt Forskningsfond, Vestland fylkeskommune, Høgskulen på Vestlandet, Vestlandsforskning m.fl. Dei ynskjer å kople saman verksemder med forsking. KNR har tipsa to medlemsverksemder om denne ordninga.

Framtidsfylket AS har mellom anna tilbod om trainee-program for bachelor- og masterkandidatar. Etablert i Sogn og Fjordane i 2008, og utvidar no med aktivitet inn i gamle Hordaland. Fleire medlemsverksemder i KNR er introduserte til Framtidsfylket,

Folkeuniversitetet spring opphaveleg ut frå Friundervisningen, og har vorte ein stor nasjonal undervisningsorganisasjon. KNR har formidla tilbod om regionale utdanningstilbod til medlemsverksemndene.

Distriktsenteret er «*eit nasjonalt kompetansesenter som jobbar for å styrke kommunar og regionar si evne til å utvikle attraktive og vekstkraftige lokalsamfunn,..og er eit uavhengig fagleg forvaltingsorgan under Kommunal- og distriktsdepartementet*». KNR har nytta Distriktsenteret som rådgjevar i samband med prosjektet «Tettstadane våre sett frå handels- og tenesteytande næringar sin ståstad». Distriktsenteret har og gjort intervju om korleis kontorfellesskapa fungerer i Kvam sett frå eigars og heradet sin ståstad, med tanke på publisering.

NRK er ei viktig kjelde til kunnskap om kva som føregår i landet vårt. KNR ynskjer at NRK lager reportasjar frå Kvam som skapar merksemd og kjennskap til Kvam. KNR gav innspel om og la til rette for å lage ein reportasje frå kontorfellesskapa i Kvam der folk har sitt daglege arbeid med arbeidsgjevar ein annan plass. Det vart innslag på radio, Tv og nett.  
[https://www.nrk.no/vestland/trend-i-kommune-noreg\\_-margunn-i-oystese-jobbar-i-distrikthub\\_-i-desentralisert-arbeidsplass-1.15718469](https://www.nrk.no/vestland/trend-i-kommune-noreg_-margunn-i-oystese-jobbar-i-distrikthub_-i-desentralisert-arbeidsplass-1.15718469)

### **Næringsalliansen Vestland.**

Næringsalliansen Vestland vart stifta i 2008. Alliansen er eit nettverk samansett av 16 næringsforeiningar i Vestland. Saman representerer dei meir enn 3000 bedrifter og 150.000 arbeidsplassar og er ein viktig aktør når det gjeld næringsutvikling i heile fylket. KNR har delteke på eitt fysisk møte og to Teams-møte med Næringsalliansen.

Fjordtinget i regi av Lingalaks i samarbeid med Bergen Næringsråd gjekk av stabelen 3.juni i Øystese. Næringsalliansen møttest i forkant 2. juni. Næringsalliansen laga fleire nettbaserete undersøkingar som KNR har sendt vidare til våre medlemmer.

### **Uttalar om planar på kommune og fylke.**

KNR ga innspel 29.sept til Områdeplan for Øystese til ABO Arkitektur og Plan og Kvam herad.

### **Prosjektarbeid.**

Kvam næringsråd søkte i 2020 Kvam herad sitt kraftfond om støtte til eit prosjekt for å sjå på stoda for varehandel og tenesteyting i tettstadene i Kvam. Prosjektet «Tettstadane våre sett frå handels- og tenesteytande næringar sin ståstad» vart gjennomført i løpet av 2021. Kvam Næringsråd søkte Kvam herad sitt kraftfond om 400.000 kr i støtte, og det vart gjeve tilsegn om 100.000 i støtte. H. J. Andersen AS vart engasjert som prosjektleiar. Oppstart i januar og avsluttande arrangement 14. september 2021. Undervegs vart 48 verksemder intervjua, og det vart arrangert 5 samlingar. Prosjektet vart gjennomført med representantar i prosjektgruppa frå Kvam herad og lokale næringslag og organisasjonar i Ålvik, Øystese, Norheimsund, Tørvikbygd og Strandebarm. Rapport etter prosjektet ligg på kvamnr.no og vart trykt opp i 100 eks. Arbeidet vart m.a. presentert for Kvam heradsstyre 20. oktober.

### **Årets verksemd i 2020.**

Optima Produkter AS fekk si utmerking på årsmøtet til Kvam Næringsråd den 19. mai 2021. Kostnaden med gavne til mottakaren vart støtta med kr 5.000 frå SpV.

### **HEIMA-magasin.**

Det siste nummeret av Heima-magasinet kom ut i mars 2020, og det er ikkje gjeve ut noko magasin i 2021. Med dette er Heima-magasinet lagt ned. Fyrste utgåve kom ut 2016, og det er utgjeve til saman 9 magasin. Det er lagt ned eit betydeleg arbeid i produksjonen av magasinet. Distribusjon omfatta Samnanger i tillegg til Kvam og Jondal. HEIMA vart sendt til heimeadresser til hytteigarar på Kvamskogen og Jondal og andre hytteigarar i Kvam der vi hadde tilgang på adresser.

### **ZIP-line:**

Hardanger Zipline AS vart meldt oppløyst den 29. mai 2020. 1.januar 2021 stod det att kr 3.291,75 på konto til Hardanger Zipline som vart overført til KNR. Alle bankkonti for selskapet vart avvikla i 2021. Selskapet er pr 31.desember 2021 under avvikling etter vedtak om tvangsavvikling i Hordaland tingrett 11.oktober 2021.

### **Økonomi.**

Rekneskapen for 2021 syner eit underskot på kr 2.008.

Kvam Næringsråd hadde kr 299.150 på bankkonto pr 31. desember 2021.

Samla godtgjersle til dagleg leiar i 2021 er kr 221.000,-.

Samla godtgjersle til styreleiing i 2021 er kr 20.000,-

### **Tillitsvalde i Kvam Næringsråd etter årsmøtet 19. mai 2021:**

Styreleiar Tone Søgaard, nestleiar Runar Botnen

Styremedlemmer: Connie Langeland, Erlend Haugarvoll, Bjørn B. Pedersen

Varamedlemmer: 1.vara Lars Kristian Bu 2. vara Ingunn Bjørke

Revisor: Jon Magnar Neteland

Norheimsund 24. februar 2022.

Tone Søgaard – leiar /s/      Runar Botnen - nestleiar /s/      Erlend Haugarvoll /s/

Bjørn B. Pedersen /s/

Connie Langeland /s/